



## Notat

Dato: 18.12.2014  
Arkivsak: 2014/23340-7  
Saksbehandlar: talhals

---

**Til:** Kultur- og ressursutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Miljøprogram 2014

Fordeling av posten 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet vart i 2014 vedteke av kultur- og ressursutvalet og hadde i fjor følgjande postar:

Miljøpris	kr 95.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 205.000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	kr 450.000
<b>SUM</b>	<b>kr 750.000</b>

#### 1. Miljøprisen

Hordaland fylkeskommune har sidan 1992 delt ut ein eigen fylkeskommunal miljøpris. Den skal vere til heider og stimulans for enkeltpersonar, lag, organisasjonar, verksemder m.v. frå Hordaland som har utmerka seg innafor miljøvernarbeidet. Prisen er på 50 000 kr. Prisvinnar for 2013, som vart kåra i 2014, var Norges Naturvernforbund Hordaland.

Det blir laga eiga sak på prisvinnar for 2014, som skal delast ut i 2015. Ei arbeidsgruppe på tre politikarar går gjennom lista over aktuelle kandidatar og gjev ei tilråding til kultur- og ressursutvalet som gjer vedtak om miljøprisvinnar. Prisutdelinga vert lagt til fylkestingsmøtet i mars, med utvalsleiar som den som står for overrekkinga.

#### 2. Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag

Under posten 716.1 Miljø i fylkesbudsjettet vart det i 2012 øyremerkt ein sum med føremål «støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag». I 2014 var det sett av 205.000 kr til dette føremålet. Det vart i tillegg gjort ei løyving på 50.000 kr til Forum for natur og friluftsliv. Totalt vart det løyvd 255.000 kr til miljøorganisasjonar i 2014, fordelt på følgjande måte:

Framtiden i våre hender Bergen	20.000,-
Naturvernforbundet Hordaland	125.000,-
Norges Miljøvernforbund Hordaland	50.000,-
Naturvernforbundet Nordhordland	10.000,-
Forum for natur og friluftsliv	50.000,-
<b>SUM</b>	<b>255.000,-</b>

### 3. Tilskot til miljø- og klimaprojekt

Midla til lokale miljø- og klimaprojekt blir lyste ut og tildelte administrativt. Desse midla rettar seg mot lag og foreningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjar berekraft. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen eller vassdragsrestaurering til Berekraftig liv på Landås eller klimaprogram på Bergen Filmfestival. I 2014 var det sett av 450 000 kr til tilskotsordninga, og det vart gjeve løyvingar på same sum (sjå vedlegg for fordeling).

#### Disponering av post 716.1 Miljø i 2015

Fylkestinget vedtok 9. desember 2014 å sette av 750 000 kr til miljøprogram i 2015. Etter vedtak i Fylkesutvalet er kr 200 000 øyremerka tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag. Kr 100 000 er sett av til Miljøpris for Hordaland og då er det kr 450 000 att til lokal innsats for klima og miljø. Tildeling av tilskotsmidlar vert gjort administrativt. Denne ordninga er veldig populær og det vart søkt om det mangedobbelte ved tildelinga i 2014. Midla blir nytta til konkrete miljøtiltak i lokalsamfunn i heile fylket.

Miljøpris	kr 100.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 200.000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	kr 475.000
<b>SUM</b>	<b>kr 750.000</b>